



Adresseeining

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2729 - 14/8986

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
06.06.2014

Adresseendring Kyrkjesundvegen 53, 57

Administrativt vedtak. Saknr: 148/2014

Saksutgreiing:

Massiv adressesildeling for heile Meland kommune vart gjennomført i 2007. Endringar og nyadresseringar vert føreteke kontinuerleg ved enkeltvedtak.

På eigedommane 38/ 79 og 81 var det godkjent rammeløyve for bygging av ny bustad med utleigedel. Desse bustadane fekk då til delt 2 adresser kvar; 53A,B og 57A,B. Det er no foretatt endring av byggesøknad og det er gjeve nytt løyve til einebustadar utan utleigedel. For å få til rett adressering her må eksisterande tildelt adresse endrast til 53 A,B til 53 og frå 57A,B til 57.

Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Meland kommunestyre.

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Meland kommunestyre har vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet ***Kyrkjesundvegen*** .

Vurdering:

Skilting.

Etter felles vedtekt til § 105 i plan- og bygningslova (sjå vedlegg) for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt. Skilt og plassering skal tilfredsstillende lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt.

Det skal nyttast standard husnummerskilt. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte hos eit skiltprodusentfirma. Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal skiltinga vere utført så snart som råd og seinast innan 4 mnd.

Ved nybygg- før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 810 00 710 eller internett www.posten.no

Informasjon.

Informasjon finn du på www.meland.kommune.no under informasjon – adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga og/eller kva for veg huset skal ha si adressetilknypning til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Meland kommune.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

Vedtak

Meland kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adresseendring:

Gnr	Bnr	Vegnavn	Tidlegar tildelt husnr	Nytt Tildelt husnummer
38	79	Kyrkjesundvegen	57 A,B 57	57
38	81	Kyrkjesundvegen	53 A,B 53	53

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12 og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen registrerer vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen, dersom det ikkje kjem inn klage på denne adresseendringa innan 3 veker etter at de vart gjort kjend med vedtaket.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Adresseeining